

Vedlegg 1**Norsk kulturfond — Årsmelding 1980****KAPITTEL I****Organisasjon og verksemd**

Norsk kulturråd legg med dette fram si 16. årsmelding i samsvar med det som er fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St. prp. nr. 130 for 1964—65, III C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

**MEDLEMMER AV NORSK KULTURRAD  
1977—80**

Norsk kulturråd er skapa ved stortingsvedtak av 11. desember 1964, i samsvar med St. prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65 og endring ved kongeleg resolusjon av 24. september 1976.

Rådet har ni medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og fire medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for fire år. To av dei ni rådsmedlemmene vert oppnemnde ved kongeleg resolusjon etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund.

**Oppnemnde ved kongeleg resolusjon for  
1977—80:**

Professor Edvard Beyer, Oslo\*  
 Varamann: Direktør Bjørn Egeland, Oslo  
 Grafikaren Anne Breivik, Oslo  
 Varamann: Forfattaren Tordis Ørjasæter, Haslum  
 Komponisten Arne Nordheim, Oslo  
 Varamann: Musikaren Frøydis Ree Wekre, Oslo  
 Redaktør Audgunn Oltedal, Oslo  
 Varamann: Husmor Marie Lovise Widnes Johansen, Hareid  
 Forfattaren Kåre Holt, Holmestrand  
 Varamann: Forfattaren Ebba Haslund, Blommenholm  
 Rektor Edel Hætta Eriksen, Kautokeino  
 Varamann: Kontorsjef Reidar Hirsti, Oslo  
 Fylkeskonservator Halvor Landsverk, Skien  
 Varamann: Biblioteksjef Trine Kolderup Flaten, Førde  
 Ass. overlækjar Wenche Frogner Sellæg, Overhalla  
 Varamann: Lektor Ola Jonsmoen, Alvdal

Lagerekspeditør Håkon Johnsen, Trondheim  
 Varamann: Skoleinspektør Bodil Skjånes Dugstad, Trondheim

**Oppnemnde av Stortinget:**

Statsråd Bjartmar Gjerde, Oslo  
 Varamann: Industriarbeidar Hanna Gjøsund, Vigra  
 Statsråd Kjølv Egeland, Oslo  
 Varamann: Skodespelar Jack Fjeldstad, Oslo  
 Direktør Knut Berg, Oslo  
 Varamann: Husmor Gerd Råheim, Gåseid  
 Professor Anton Skulberg, Spydeberg  
 Varamann: Skoledirektør Henrik Bargem, Arendal.

**Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon:**

Professor Edvard Beyer.  
 Nestformann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: Grafikaren Anne Breivik.

**VEDTEKTER FOR NORSK KULTURFOND**

fastsette av Stortinget 19. juni 1965.  
 (Omsette frå St. prp. nr. 130, 1964—65.)

**§ 1.**

Norsk kulturfond som er skapa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

**§ 2.**

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg kan få del i kulturgoda.

**§ 3.**

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet og disponerte ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningsliner som Stortinget har fastsett.

\* Etter Hartvig Kirans bortgang vart professor Edvard Beyer oppnemnd til nytt medlem av og ny formann i Rådet ved kongeleg resolusjon 1. september 1978.

**§ 4.**

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

**§ 5.**

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

**RETNINGSLINER FOR BRUKEN  
AV MIDLAR FRA NORSK KULTURFOND**

fastsette av Stortinget 19. juni 1965.

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at Rådet skal leggje særskilt vekt på:

- a) Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- b) Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- c) Tiltak til å fremje norsk bilettekunst, og kjøpe inn bilettekunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.
- d) Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- e) Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis også betre høve til vidare utdanning.
- f) Kulturverntiltak, såleis også vern av samisk kultur.
- g) Stønad til finansiering av kulturbrygg.
- h) Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
- i) Tiltak som kan gi letta tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemnd for dei verde den gir.
- j) Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t.d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubilé og minnehøgtider, og større eingongsturnéar frå kunstinstytusjonar.

**REGLEMENT FOR NORSK KULTURRAD**

fastsett ved kongeleg resolusjon 27. august 1965, med endring av 24. september 1976.

**§ 1.**

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

**§ 2.**

Rådet skal ha 13 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnast av Stortinget og 9 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. To av dei 9 medlemmene med varamenn skal oppnemnast etter framlegg frå Norske Kommuner Sentralforbund. Alle oppnemningane gjeld for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

**§ 3.**

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan også setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet må oppnemninga godkjennast av departementet.

**§ 4.**

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegrer i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løvd til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

**§ 5.**

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er nautsynt eller 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst hølvtu av medlemmene er til stades. Ved røysting blir sakene avgjorde ved vanleg fleirtal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

**§ 6.**

Rådet drøfter og avgjør alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for Rådet i neste møte.

**§ 7.**

Utgifter til rådmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

**MØTE I ARBEIDSUTVALET**

Arbeidsutvalet i 1980 var desse fem:

Edvard Beyer, Anne Breivik, Kåre Holt, Håkon Johnsen og Arne Nordheim med varmennene Halvor Landsverk og Anton Skulberg.

Arbeidsutvalet har hatt fire møte.

Arbeidsutvalet gjer vedtak i løvvingssaker opp til kr 50 000 innanfor ramma av avsetjingar, og førebur elles saker for Rådet.

**MØTE I RÅDET**

Rådet har i alt hatt 8 møte. To av møta vart haldne i Sandefjord og Haugesund i samanhend med synfaringa som Rådet hadde i Vestfold fylke 18.—19. juni og i Rogaland fylke 27.—29. august.

Ekspedisjonssjefen i Kulturavdelinga i Kyrkle- og undervisningsdepartementet er alltid innbeden til å vere til stades på rådmøta.

Som utrykt vedlegg til årsmeldinga følgjer eit foredrag som formannen, Edvard Beyer, heldt på årsmøtet 11. desember 1980. I foredraget er det gitt eit oversyn over verksemda i Rådet i perioden 1977—80.

**UTVAL OG UTGREIINGAR****Faste utval:****1) Det faglege utval for litteratur:**

Professor Edvard Beyer, formann, adm. direktør Erling Fjellbirkeland, bibliotekdirektør Else Granheim, redaktør Audgunn Oltedal.

**2) Utvalet for utgjevinga av eldre norsk litteratur (Klassikarkomitéen):**

Bibliotekar Grete Dahl, formann, dosent Vigdis Ystad (Universitetet i Oslo), professor Bjarte Birkeland (Universitetet i Bergen), rekneskapssjef Halvard Sletten.

**3) Barnekulturutvalet:**

Redaktør Audgunn Oltedal, formann, teiknaren Arne Johnsen, forfattaren Tordis Ørjasæter, universitetslektor Jon Roar Bjørkvold, museumsstyrar Åse Enerstvedt, skodespelar Jack Fjeldstad, husmor Else Jonassen.

**4) Utvalet for tilskott til verdifulle omsetjingar:**

Professor Arne Hannevik, formann, forlags-sjef Birger Huse, programredaktør Yngvar Ustvedt.

**5) Ankenemnda for innkjøpsordninga:**

Dosent Rolf Nyboe Nettum, formann, forlagsbokhandlar Arne Damm, statsstipendiat Ivar Eskeland, sokneprest Arne Prøis, forskingsstipendiat Helge Rønning, forfattaren Dag Skogheim.

**6) Utvalet for norsk litteratur i utlandet:**

Forfattaren Ebba Haslund, formann, underdirektør Helene Andersen, forfattaren Camilla Carlson, lektor Carl Hambrø, forlagsredaktør Gordon Hølmebakke.

**7) Tidsskriftutvalet:**

Forfattaren Petter Larsen, formann, forfatta-ren Ebba Haslund, rektor Helge Ytrehus.

**8) Musikkutvalet:**

Komponisten Arne Nordheim, formann, komponisten Egil Hovland, rektor Odd Leren, kapellmeister Egil Monn-Iversen.

**9) Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk:**

Kapellmeister Egil Monn-Iversen, formann, universitetsbibliotekar Øystein Gaukstad, komponisten Johan Kvandal, redaksjonssjef Gunnar Rugstad.

**10) Sakunnig nemnd for Materialfondet, biletkunstnarar:**

Professor Anton Skulberg, formann, målaren Unni Lund, bilethoggaren Hugo Wathne, grafikaren Dag A. Rødsand, teiknaren Finn Christensen, tekstilkunstnaren Sidsel Karlsen.

**11) Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg:**

Direktør Knut Berg, formann, sjefarkitekt Dag Brænne, keramikaren Yngvild Fagerheim, tekstilkunstnaren Turid Holter, arkitekt Bengt Espen Knutsen, målaren Adolph Denis Horn, bilethoggaren Arne Vinje Gunnerud, grafikaren Ole Johan Tørud.

*12) Utvalet for innkjøp av norsk samtidskunst:*

Kunstkritikaren Harald Flor, målaren Gladys Raknerud, grafikaren Snorre Kyllingstad, billethoggaren Fritz Røed, tekstilkunstnaren Brit Fuglevaag, tekstilkunstnaren Ellen Grieg, keramikaren Nina Malterud, metallkunstnaren Christian Backer-Owe, fotografen Arne Walderhaug.

*13) Det sakkunnige utval for samisk kunst og kunsthandverk:*

Rektor Edel Hætta Eriksen, formann, museumsassistent Berit Marit Hætta, målaren Iver Jåks, reineigar Martha Jåma.

*14) Nemnda til fremjing av tiltak for samisk litteratur:*

Rektor Jon Eldar Einejord, formann, kontorsjef Reidar Hirsti, lærar Inga Ravna Eira Keskitalo, mag.art. Ole Henrik Magga, Mikkel Hætta.

*15) Utvalet for samisk musikk:*

Journalist Ellen Marit Dunfjeld, formann, Ellen Marit Eira Solbakke, reineigar Anders Bær, barnehagekonsulent Laila Somby Sandvin, museumslektor Bjørn Aarseth, skolestyrar Trygve Madsen.

*16) Utvalet for trygging av høgt prioriterte fornminne:*

Professor Anders Hagen, formann, professor Sverre Marstrander, konservator Kristen Møllenhus, museumsdirektør Oddmund Møllerop, professor Poul Simonsen.

*17) Utvalet for lokalhistorisk arbeid:*

Fylkeskonservator Halvor Landsverk, formann, professor Rolf Fladby, professor Knut Mykland.

*18) Utvalet for byggjesaker:*

Museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, formann, arkitekt Gaute Baalsrud, arkitekt Ulf Colbjørnsen.

*19) Kulturvernutvalet:*

Overlege Wenche Frogner Sellæg, formann, fylkeskonservator Halvor Landsverk, direktør Knut Berg, arkitekt Gullik Kollandsrud, arkitekt Peter Helland-Hansen.

*20) Ankenemnda for barne- og ungdomsbøker:*

Forfattaren Tor Edvin Dahl, statsstipendiat Ivar Eskeland, forlagsdirektør Halvdan Kielland, lektor Audun Thorsen, programsekretær Leif Stavik.

*21) Sakkunnig nemnd for Materialfondet, kunsthandverkarar:*

Professor Anton Skulberg, formann, metallkunstnaren Torill Bjørg, tekstilkunstnaren Kristi Skintveit, keramikaren Anne Marie Hagerup.

**Mellombels utval**

*1) Utvalet for bevaring av gamle farty:*

Direktør Halvard Bjørkvik, formann, registringsleiar Fredrik Dennecke, sjøfartsdirektør Modolf Hareide, Håkon Johnsen, fylkesrådmann Svein Lundevall, direktør Svein Molaug, Lars T. Platou.

*2) Utvalet for utgreiling om Statens håndverks- og kunstindustriskole og Bergens Kunsthåndverksskole:*

Professor Arnljot Strømme Svendsen, formann, professor Otto Bastiansen, fylkesskolesjef Olaf Kortner, tekstilkunstnaren Bente Sætrang, grafikaren Anne Breivik, interiørarkitekt Cato Mansrud, lærar Roar Høyland, student Per Haavind, overlærar Erling Dale, student Trine Krogseth.

**TILRÅDINGAR OG FRÅSEGNER FRA NORSK KULTURRAD TIL KYRKJE- OG UNDERVISNINGSDEPARTEMENTET**

1. Årsmelding 1979 (St. meld. nr. 60 for 1980—81).
2. Tilråding om fordeling av midlar fra Norsk kulturfond 1980.
3. Framlegg om løyving til Norsk kulturråd for 1981.
4. Framlegg til stillingsbudsjetten for Norsk kulturråd 1981.
5. Fråsegn av 18. februar 1980 om «NOU 1979: Nytt inntektssystem for fylkeskommunane».
6. Fråsegn av 28. mars 1980 om «NUA — Nordisk radio og TV via satellitt».
7. Fråsegn av 20. juni 1980 om «Lokalisering utenfor Oslo av sekretariatene til rådgivende organ under Kirke- og undervisningsdepartementet».
8. Fråsegn av 23. juni 1980 om «NOU 1979: 50 Forsvarets musikk».
9. Utgreiling av 26. juni 1980 om «Utdanningsforholdene ved kunsthåndverksskolene i Norge».
10. Fråsegn av 12. november 1980 om «Avgift på opptaksutstyr for lyd og bilde».

## SAMARBEID MED ANDRE INSTITUSJONAR OG ORGANISASJONAR

Samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet er omtalt i neste kapittel: Koordinering med statsbudsjettet. Kulturrådet har samarbeid og kontakt med ei rad institusjonar, organisasjonar og råd med tilgrensande arbeidsfelt.

### Norges almenvitenskapelige forskningsråd

I 1976 vart det sett ned eit særskilt samarbeidsutval mellom Norsk kulturråd og Rådet for humanistisk forskning i Norges almenvitenskapelige forskningsråd. Utvalet skal drøfte saker og søknader som ligg i grensefeltet mellom dei to råda og dessutan komme med tilrådingar i saker av sams interesse.

Det er elles stadig kontakt mellom administrasjonane i dei to råda om saker som ligg i grenseområda. Det kan vere lokalhistorie, utgjeving av essayistikk, innsamlings- og registreringsarbeid av ulike slag.

### Riksantikvaren

Riksantikvaren er fagleg rådgjevar for Kulturrådet i saker som gjeld vern av hus, anlegg og miljø. Kulturrådet bed øg om fråsegn frå fylkeskonservatorane, slik at Rådet får både lokal og sentral prioritering før det gjer endeleg vedtak.

### Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muséer

Styret i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muséer er fagleg rådgjevar for Kulturrådet i saker som gjeld muséa, både nye musébygg og andre større tiltak. Ein høyrer øg kva fylkeskonservatorane meiner.

### Statens bibliotektilsyn

Bibliotekdirektøren er fast medlem av Det faglege utval for litteratur og er med i alle drøftingar med forlag og forfattarar om innkjøpsordninga. Det er Bibliotektilsynet som avgjer korleis bokinnkjøpa skal fordelast til biblioteka. Kulturrådet nyttar både dei rådgjevande utvala i Bibliotektilsynet: Det rådgjevande utvalet for folkebibliotek og Det rådgjevande utvalet for skolebibliotek.

### A/L Biblioteksentralen

Rådet samarbeider med Biblioteksentralen i alle praktiske spørsmål som gjeld dei to innkjøpsordningane: Innbinding, ekspedisjon og anna.

## Statens byggje- og eigedomsdirektorat

Direktoratet har ein fast observatør i Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg. Kulturrådet reknar med at denne observatørordninga bør halde fram, også etter at dei nye retningslinene for kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg er gjennomførte.

### Riksinstitusjonane

Kulturrådet har kontakt og samarbeider med Rikskonsertane i alle saker som gjeld tilskott til konsertar eller andre større musikktiltak rundt i landet. Det same gjeld Riksteatret ved søknader om tilskott til frie sceniske grupper, og Riksgalleriet om turnear med biletkunst. Rådet har også kontakt med Norsk Forfattarsentrums om til dømes litterære festivalar eller litteratur- og lyrikkdagar.

### Norske Kommuners Sentralforbund

I 1977 vart Norsk kulturråd utvida med to medlemmer, nemnde opp ved kongeleg resolusjon etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund. Rådet har kontakt og samarbeider med Sentralforbundet i fleire saker. Særleg gjeld dette konferansar og utgreningsarbeid. Sentralforbundet hjelper øg til med å sende informasjon og fråsegner frå Rådet til kommunar og fylkeskommunar.

### Statens ungdomsråd og Statens idrettsråd

Fra 1977 vart det skipa til faste møte mellom Statens ungdomsråd, Statens idrettsråd og Norsk kulturråd. Det er vedteke at desse råda skal sende ut eit sams tidsskrift, «Kulturnytt». Alle råda har oppnemnt ein representant kvar til eit redaksjonsutval som saman med den tilsette redaktøren skal vere ansvarleg for ei prøveordning med eit slikt sams informasjonsorgan.

### Regionale og lokale råd og institusjonar

Rådet legg vekt på eit nært samarbeid med dei regionale råda Nordnorsk Kulturråd og Nordnorsk Musikkråd, og med regionale kunstnarorganisasjonar. Når det gjeld tiltak for samisk kultur, har Rådet i tillegg til sine eigne rådgjevande utval kontakt med Norsk Sameråd, Norske Samers Riksforbund og Nordisk Samisk Institutt.

Kulturrådet har nær kontakt og samarbeid med dei fylkeskommunale kulturstyra. Kvart år skipar Rådet til ei reise i eitt av fylka og har då konferansar med representantar for dei kommunale og fylkeskommunale kulturstyra. I 1980 gjekk turen til Vestfold.

**NORSK KULTURRADS PRISAR 1980**

Æresprisen for 1980 vart gjeven til Sonja Hagemann etter samrøystes vedtak i Norsk kulturråd 6. november 1980. I si grunngeving seier Rådet mellom anna:

«Sonja Hagemann er sannsynligvis den i Norge som har gjort mest for norsk barne-litteratur. I en tid da barne- og ungdomslitteraturen med rette er trukket fram i lyset, er dette et livsverk som det står respekt av. Gjennom sin anmeldervirksomhet i dagspressen har hun nådd ut til et stort publikum og gjort sine synspunkter på barnebøker kjent

for mange. At barnebøker ikke lenger blir sett på som noe mindreverdig og mer likegyldig enn voksen litteratur skyldes hos oss i første rekke henne. Hele hennes arbeid for barne-litteraturen — som også omfatter betydelige arbeider i bokform — er gjennomsyret av intellektuell redelighet og menneskelig varme.»

Dei andre prisane som Norsk kulturråd har delt ut i 1980 er:

Musikkprisen til Knut Nystedt  
Omsetjarprisen til Kjell Risvik  
Lokalhistorisk pris til Lars Reinton.

**KAPITTEL II****Koordinering med statsbudsjettet****KYRKJE- OG UNDERVISNINGS-DEPARTEMENTET**

Rådet vil som i alle tidlegare år få seie seg glad for det gode samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, eit samarbeid som er ein føresetnad for ein koordinert nasjonal kulturpolitikk og naturleg kulturvokster. Sjølvsagt gjeld dette først og fremst Kulturavdelinga i departementet, men Rådet har også kontakt og samarbeid med andre avdelinger, t.d. Avdeling for vaksenopplæring og folkeopplysning.

Som hovudregel gjeld at Kulturrådet ikkje gjev stønad til slike tiltak som kan få statstilskott under fastsette tilskottsordningar.

**MILJØVERNDEPARTEMENTET**

Rådet vil også halde fram med å bygge ut det naturlege samarbeidet med Miljøverndepartementet i saker som gjeld kulturvern. Rådet seier seg glad for dei auka løvtingane til

Riksantikvaren og vonar at det etter kvart vert mogeleg for Riksantikvaren å ta seg av fleire av restaureringsoppgåvene, slik at Norsk kulturråd kan komme inn når det gjeld større eingongsoppgåver eller nye prøveprosjekt.

**UTANRIKSDEPARTEMENTET**

Norsk kulturråd samarbeider med Presse- og kulturavdelinga i Utanriksdepartementet i saker som gjeld tiltak for norsk litteratur, musikk eller biletkunst i utlandet.

Kulturrådet har i 1980 også hatt kontakt med Landbruksdepartementet og Kommunaldepartementet om samiske saker og med Sosialdepartementet om kulturarbeid for funksjonshemma og for born.

Kulturrådet vil på nytt få streke under at det trengst tverrfagleg og tverrdepartemental kontakt mellom alle statlege instansar som arbeider på kulturområdet.

**KAPITTEL III****Tilskott****INNLEIING**

Norsk kulturfond fekk i 1980 ei samla løying på 52,2 mill. kr som vart delt slik (dei tilsvarande tala for 1979 står i parentes):

	1980	(1979)
Litteratur .....	21 985 000	(16 900 000)
Tidsskrift .....	1 000 000	( 1 000 000)
Musikk .....	4 000 000	( 3 900 000)
<b>Til saman .....</b>	<b>52 200 000</b>	<b>(47 800 000)</b>

**Biletkunst og kunst-**

handverk .....	6 400 000	( 6 000 000)
Kulturvern .....	5 100 000	( 4 700 000)
Samisk kultur .....	1 000 000	( 800 000)
Kulturbrygg .....	7 000 000	( 9 600 000)
Utgreiingar, utval,		
publikasjonar ...	700 000	( 700 000)
Andre føremål ....	2 415 000	( 1 900 000)
Administrasjon ....	2 600 000	( 2 300 000)
<b>Til saman .....</b>	<b>52 200 000</b>	<b>(47 800 000)</b>

## SØKNADSOVERSYN PR. 31. DESEMBER 1980

(Tala for 1979 er første opp ved sida av)

	Talet på søknader		Total søknadssum	
	1980	1979	1980	1979
Litteratur . . . . .	144	141	4 408 983	3 723 828
Tidsskrift <sup>1)</sup> . . . . .	69	69		
Musikk . . . . .	147	146	8 207 743	8 295 466
Biletkunst og kunsthåndverk <sup>2)</sup> . . . . .	305	265	11 500 509	9 796 709
Kulturvern <sup>3)</sup> . . . . .	256	273	19 368 974	19 479 665
Samisk kultur . . . . .	75	41	2 351 412	756 982
Kulturbrygg . . . . .	27	31	27 103 400	27 724 800
Andre føremål . . . . .	122	107	9 784 888	8 265 340
I alt . . . . .	1145	1068	82 725 909	78 042 790

<sup>1)</sup> Etter den nye tilskottssordninga for tidsskrift blir ikke søknadssum nemnt.<sup>2)</sup> Søknader om lån frå Materialfondet er ikke medrekna.<sup>3)</sup> Saker sende over frå Riksantikvaren er ikke medrekna.

## LITTERATUR

Ved kgl. res. av 7. mars og 14. november 1980 vart det sett av kr 21 985 000 til litterære føremål, delt slik:

1. Innkjøpsordninga for skjønnlitteratur . . . . .	kr 14 000 000*)
2. Barne- og ungdomslitteratur	
a. Innkjøpsordninga for barne- og ungdomslitteratur . . . . .	» 5 000 000*)
b. Stønad til kunstnarleg illustrerte barnebøker . . . . .	» 500 000
c. Stønad til barneblad . . . . .	» 100 000
d. Andre tiltak barne- litteratur . . . . .	» 500 000
3. Eldre norsk litteratur . . . . .	» 150 000
4. Essayistikk . . . . .	» 175 000
5. Omsett litteratur . . . . .	» 250 000
6. Arbeid for norsk litteratur i utlandet . . . . .	» 50 000
7. Ny norsk dramatikk . . . . .	» 200 000
8. Omsetjarpris . . . . .	» 15 000
9. Nynorsk litteratur . . . . .	» 700 000
10. Til rådvelde, litteratur . . . . .	» 345 000
	kr 21 985 000

\*) I desse summane er også teke med delvis dekking av meirkostnader frå tidlegare år.

I alt kom det inn 144 søknader om stønad til litteraturføremål i 1980. Samla søknadssum var kr 4 408 983. I dette talet er utgiftene til bøkene på dei to innkjøpsordningane for skjønnlitteratur og barne- og ungdomslitteratur ikke rekna med.

## 1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur

Det vart i 1980 sett av i alt kr 14 000 000 til innkjøpsordninga for skjønnlitteratur. I denne summen ligg også meirkostnader frå tidlegare år.

## Omfangen av innkjøpsordninga

Det vart kjøpt inn 201 skjønnlitterære bøker til folkebiblioteka i 1980. For sju av desse bøkene har forlaga måtte betale attende innkjøppssummen og honorarrefusjonen av di bøkene ikke vart tilrådde innkjøpt av Statens bibliotektilsyns rådgjevande utval for folkebibliotek og av Ankenemnda til Kulturrådet. Kulturrådet har såleis betalt for innkjøpet av 194 bøker. Liste over bøkene følgjer som utrykt vedlegg. Tala nedanfor syner korleis bøkene fordeler seg på prosa, lyrikk og skodespel. Tala for 1965—79 står i parentes.

	1980	(—65 —66 —67 —68 —69 —70 —71 —72 —73 —74 —75 —76 —77 —78 —79*)
Prosa	113	( 76 88 74 90 75 85 84 92 94 92 92 118 130 128 98)
Lyrikk	75	( 43 48 48 51 60 65 68 66 88 65 74 105 115 101 103)
Skodespel	6	( 5 12 5 11 5 8 6 5 7 7 7 8 7 10 11)
Til saman	194	(124 148 127 152 140 158 158 163 189 164 173 231 252 239 212)

\*) Korrigerte tal etter at arbeidet med ordninga var avslutta hausten 1980.

Tala for 1980 er endelege. Dei siste bøkene vart vurderte i mai 1981.

Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlaga som òg er medlemmer av Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 187 titlar. Forlag som berre er tilslutta Norsk Forleggersamband, melde ikkje på bøker til innkjøpsordninga i 1980. Frå forlag som er medlemmer av begge forleggarorganisasjonane, vart det kjøpt inn ni bøker. Fire forlag som ikkje er organiserte, og som ikkje er med på den automatiske ordninga, fekk kjøpt inn sju bøker etter søknad.

18 bøker blei avviste frå ordninga, anten av di dei ikkje vart klassifiserte som skjønnlitteratur, eller av di dei var søkte innkjøpt av uorganiserte forlag og vart underkjende av Det faglege utval for litteratur på grunnlag av konsulentvurdering.

Ankenemnda handsama i 1980 i alt 33 bøker frå 1979-ordninga og seks bøker frå 1980-ordninga. Dei fleste av bøkene var ikkje tilrådde innkjøpt til folkebiblioteka av Statens bibliotektilsyns rådgjevande utval. Av desse 39 bøkene vart ein tredel godtekne og to tredelar avviste frå ordninga.

I 1980 har bøkene blitt sende ut i fire puljer til biblioteka, det er ei pulje mindre enn i dei siste åra. Første pulje gjekk frå A/L Biblioteksentralen 10. oktober, andre pulje gjekk 14. november, tredje pulje 23. januar 1981 og fjerde pulje 6. mai same år.

#### Utgiftene ved innkjøpsordninga

I årsmeldinga for 1979 er utgiftene til ordninga i 1979 oppgitt på grunnlag av innkjøp av 213 titlar. To prosabøker blei avviste ved ettervurderinga hausten 1980, medan ei dikt-samling blei handsama på nytt i Ankenemnda og likevel godteken. Det endelege titteltalet for 1979-ordninga blir då 212 bøker, og dei endelege kostnadene desse:

Kjøp av 212 titlar .....	kr 6 993 991
Innbinding og ekspedisjon .....	» 1 601 850
Frakt .....	» 212 061
Honorarforskott 1979 .....	» 2 031 607
Honorar for sal 1978 (utbetalt 1979) .....	» 719 915
Til saman .....	kr 11 559 424

På budsjettet for 1979 hadde Kulturrådet sett av kr 12 000 000 til innkjøpsordninga. I denne summen er ei delvis dekking av meir-kostnadene frå tidlegare år tatt med. Med avsetjinga for 1980 på kr 14 000 000 greidde ein å hente inn det meste av desse meirutgifte, slik at ein for første gong på mange år har komme ajour med kostnadene til innkjøps-

ordninga. Det er grunn til å tru at ein no kan sjå verknadene av ordninga med at forlaga skal betale tilbake innkjøpssummen og forskottshonoraret for avviste bøker.

Utgiftene for innkjøpsordninga 1980 vil ut frå innkjøp av 194 titlar bli desse:

Kjøp av 194 titlar .....	kr 7 929 890
Innbinding og ekspedisjon .....	» 1 628 500
Frakt .....	» 197 768
Honorarforskott 1980 .....	» 2 285 881
Honorar for sal 1979 (utbetalt 1980) .....	» 632 696
Til saman .....	kr 12 728 735

Oppstillinga under viser korleis prisane på dei innkjøpte bøkene har utvikla seg. Prisane gjeld for hefta bøker i bokhandel. Tala for 1975—1979 er tekne med til samanlikning:

	1980	1979	1978	1977	1976	1975
Prosa	76,—	66,—	63,—	55,—	50,—	44,—
Lyrikk	63,—	48,—	46,—	39,—	34,—	20,—
Skodespel	67,—	67,—	62,—	52,—	52,—	41,—

#### 2. Stønad til barne- og ungdomslitteratur

Rådet sette av i alt kr 6 100 000. Summen var delt slik:

- a) Innkjøpsordninga for barne- og ungdomslitteratur ..... kr 5 000 000
- b) Stønad til kunstnarleg illustrerte barnebøker ..... » 500 000
- c) Stønad til barneblad ..... » 100 000
- d) Andre tiltak barnelitteratur » 500 000

#### 2 a. Innkjøpsordninga for barne- og ungdomslitteratur

Rådet sette av 5 mill. kroner i alt til å dekke kostnadene til ordninga i 1980. Av denne summen var 3,5 mill. kroner rekna å dekke kostnadene til 1980-bøkene og 1,5 mill. kroner til å dekke ein del av samla etterslep for 1978 og 1979, i alt kr 2 578 358.

I 1980 er det tredje året denne innkjøpsordninga virkar heilt parallelt med innkjøpsordninga for vaksen skjønnlitteratur med innkjøp av 1 000 eksemplar av kvar påmeld bok.

#### Omfang

Det vart kjøpt inn 81 skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker i 1980. Liste over bøkene følger som utrykt vedlegg. Frå overgangsåret 1977 då Rådet kjøpte inn 500 eksemplar etter den nye ordninga, deler talet på innkjøpte boktitlar seg slik:

## Vedlegg 1

## Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1980

1977	1978	1979	1980
70	89 (85)	83 (82)	81 (74)

Desse tala gjeld bøker som er innkjøpte og distribuerte til folkebiblioteka kvart år. Tala i parentes gjeld godkjende bøker. Når årsmeldinga blir skriven, er det klart at 9 av bøkene i 1980 er underkjende av Statens bibliotektilsyns rådgjevande utval for skolebibliotek.

Som for innkjøpsordninga for skjønnlitteratur kjøper Rådet inn berre ei bok av kvar forfattar om ikkje heilt særskilde tilhøve er til stades. Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening (medrekna forлага som og er tilslutta Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 76 bøker. Forlag som ikkje er medlemmer av forleggarorganisasjonar, fekk kjøpt inn fem bøker. (Sjå elles nedanfor om uorganiserte forlag.)

Frå forlag som er medlemmer av begge organisasjonane, vart det kjøpt inn fire bøker.

Fire bøker er avviste frå ordninga, tre av genregrunnar, den fjerde av di forfattaren hadde ei anna bok med.

#### *Uorganiserte forlag*

Rådet vedtok 19. juni 1980 at Norsk Barneblad skal få vere med på den automatiske innkjøpsordninga sjølv om forlaget ikkje er medlem av nokon av dei to forleggarorganisasjonane. Frå 1979 er forlaga Sivle, Oktober og Den norske Bokklubben komne med på den automatiske ordninga.

#### *Ankenemnda*

for barne- og ungdomslitteratur har handsama ei bok på 1979-ordninga og avvist anken.

Dei innkjøpte bøkene som er utgitt i 1980, vart utsende til biblioteka i to puljer. Første pulje med 41 titlar vart send den 9. desember 1980 og andre pulje med 40 titlar den 20. mars 1981.

#### *Utgifter*

##### *Endelege tal for 1979-ordninga:*

Kjøp av 82 000 bøker .....	kr 1 753 698
Plasting, innbinding, ekspedisjon	» 685 050
Frakt .....	» 84 793
Forskottshonorar 1979 .....	» 505 404
Salsoppgjer for sal i 1978 (utbetalt i 1979) .....	» 160 618
Til saman .....	kr 3 189 563

Dette er kr 1 189 563 meir enn avsetjinga.

#### *Førerels tal for 1980-ordninga*

Det er ikkje råd å gi dei endelege tala for utgiftene i samband med 1980-ordninga før etterprøvinga av dei underkjende bøkene er avslutta.

Dei endelege tala vil komme i årsmeldinga for 1981.

Kjøp av 81 000 bøker .....	kr 1 901 120
Plasting, innbinding, ekspedisjon	» 746 000
Frakt .....	» 99 162
Forskottshonorar .....	» 496 703
Salsoppgjer for sal i 1979 (utbetalt i 1980) .....	» 178 905
Til saman .....	kr 3 421 890

#### *2 b. Andre tiltak for barne- og ungdoms-litteraturen*

##### *Kunstnarleg illustrerte barnebøker*

I samsvar med tilrådingar frå Barnekulturutvalet har Norsk kulturråd gitt desse tilskotta:

##### *Noregs Boklag:*

Jan Magnus Bruheim/ Reidar Johan Berle:	
Den kvite hjorten .....	kr 40 000
Unni Lise Jonsmoen/ULJ:	
På tytingstur med Lars og Ola ..	» 30 000
Helge Ness/HN:	
Arken på det grøne fjellet .....	» 40 000

##### *Det Norske Samlaget:*

Wenche Krossøy/Wenche Øyen:	
Er det sant .....	» 12 000
Oskar Stein Bjørlykke/Kåre Øyen:	
Dikt for barn .....	» 9 000
Paal Helge Haugen/ Arne Roar Lund:	
Herr Tidemann reiser .....	» 12 000

##### *Gyldendal:*

Bjørn Rønningen/ Vivian Zahl Olsen:	
Pappa nådde bussen sin i dag også	» 14 000
Asbjørnsen og Moe/	
Håkon Bjørklid:	
Mannen som skulle stelle hjemme	» 23 600
Ase Marie Nesse/Torstein Rittun:	
Aztekerkongen Moctezuma .....	» 18 600

##### *Tiden Norsk Forlag:*

Phil Newth/Mette Newth:	
Mammaen min er så høy som	
stjernene .....	» 20 000
Kjell Sandvik/Thor Erdal:	
Storm over Utvær .....	» 20 000

Gerd G. Saue/  
Egil Thorin Næsheim:  
Else-Lisbeth ..... kr 20 000  
Borghild Rud/BR:  
Flukten til Egypt ..... > 20 000

dei bøkene dette vil bli aktuelt for. Rådet vil dekke meirkostnadene ved den samiske utgåva.

*Aschehoug & Co.:*

Torill Egge Grung/TEG:  
Bli med til Shabnams landsby ... > 25 000  
Arild Nyquist/Finn Graff:  
I avisen ..... > 7 000  
André Bjerke/Rune Anderson:  
Moro-vers ..... > 18 000  
Mathis Mathisen/  
Harald Nordberg:  
Sally Vally ..... > 13 000

*Stønad til barneblad*

Rådet sette av kr 100 000.

Rådet vedtok i 1980 nye retningsliner for stønad til barneblad og vil med verknad frå 1981 gi honorarstønad. Etter tilråding frå Barnekulturutvalet har Rådet gitt desse tilskotta:

Norsk Barneblad .....	kr 25 000
Blåveisn .....	> 10 000
Nye Glimt .....	> 10 000
Magne .....	> 15 000
Nordnorsk Magasin, ungdomsnummer .....	> 10 000
Nordnorsk Magasin, barnenummer .....	> 15 000
Til saman .....	kr 85 000

Resten, kr 15 000, er overført til illustrerte barnebøker, jf. ovanfor.

Alb. Cammermeyer:  
Egil Nic. Andersen/  
Dag Finn Simonsen:  
Goiterfolket ved Navgastajokka ... > 5 000

*Andre tiltak barnelitteratur*

Rådet sette av kr 500 000 til å dekkje utgifte til distribusjon av Barnebokkatalogen. Av årsmeldinga for 1979 går det fram at distribusjonskostnadene vart i alt kr 563 956,55.

Rådet vedtok 11. desember 1980 ikkje å gi ut fleire katalogar. I tillegg til dei store kostnadene er bakgrunnen for vedtaket det auka barneboktilfanget dei seinare åra. Materialet er blitt for stort til at det er fagleg forsvarleg å gjere eit utval.

Rådet vedtok òg å oppnemne eit utvål til å greie ut spørsmålet om utgjeving av ei vekeavis for barn.

Oktober Forlag:  
Johanna Schwarz/Marit Wiklund:  
Labyrinten ..... > 40 000

Damm:  
Bjørn Rønningen/  
Vivian Zahl Olsen:  
Lange herr Streng og strenge  
herr Lang ..... > 15 000

J. W. Cappelen:  
Anne Lise Gjerdrum/  
Hans Normann Dahl/  
Petter Bjaarstad (komponist):  
Ri, ri på islandshest ..... > 34 400

**3. Utgjeving av eldre norsk litteratur**

Rådet sette av kr 150 000 i 1980. Klassikarkomiteen har handsama alle søknader om produksjonstilskott til nye utgåver av eldre norsk litteratur.

Etter tilråding frå Klassikarkomiteen har Rådet gitt desse tilskotta i 1980:

J. W. Eide Forlag:  
Asbjørnsen og Moe/  
Reidar Johan Berle:  
Pannekaka ..... > 15 000

Fabritius:  
Jan Deberitz/Ronald Jacobsen:  
I morgentåkedalen ..... > 30 000  
Maria Savabini/  
Anne Margrethe Krogh:  
«Sikka» ..... > 33 400

Til saman ..... kr 515 000

*Snofugl Forlag:*  
O. Setrom: Når tuftene ryk ..... kr 8 800

*Aschehoug & Co.:*  
Petter Dass: Viser og rim ..... > 21 500  
Hans E. Kinck: Mot karneval ..... > 20 000  
Helge Krogh: Seks skuespill ..... > 9 000  
André Bjerke: Moro-vers ..... > 8 000  
Kristian Elster:  
Av skyggenes slekt ..... > 16 000

Kr 15 000 er overført frå Barneblad.

Samisk litteraturutval vil velje inntil tre av desse bøkene for samisk utgåve. Forlaga har sagt seg viljuge til å godta som vilkår for stønad frå Norsk kulturfond å gi ut på samisk

Vedlegg 1

## Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1980

*Gyldendal:*

Petter Dass: Samlede verker .... kr 52 500

*Det Norske Samlaget:*

Jens Tvedt: Guds løn ..... » 9 000  
O. Sletto: Per Spelemann ..... » 10 000

*Cappelen:*

Henrik Wergeland: Mennesket .. » 20 000  
Til saman ..... kr 174 800

**4. Essayistikk**

Rådet satte av kr 175 000.

Etter tilråding fra Klassikarkomiteen har Rådet gitt tilskott til utgjeving av desse bøkene:

*Aschehoug:*

Stein Mehren: 50—60—70 ..... kr 6 600  
Berit Waal Skaslien:  
Kjærlighet og solidaritet ..... » 11 000

*Det Norske Samlaget:*

Norsk litterær årbok 1980 ..... » 40 000  
Otto Hageberg:  
Artiklar om norsk litteratur .... » 11 000

*Cappelen:*

Johan Vogt: Samlede skrifter .... » 20 000  
Henrik Groth: Rop i ørkenen .... » 15 000

*Gyldendal:*

Georg Johannessen:  
Artikler 1975—1980 ..... » 11 300

*Universitetsforlaget:*

Joar Havnevik: Dannemarks og Norges poesie 16—1800 ..... » 13 300

*Tiden:*

Kai Skagen: Notater underveis ... » 12 000

*Fondet for forskning og folkeopplysning:*

Olav Sundet: Biografi om R. Vogt » 10 000  
Til saman ..... kr 150 200

Resten av avsetjinga, kr. 24 800, er nyttat til eldre norsk litteratur i 1980.

**5. Tilskott til omsett litteratur**

For 1980 var det sett av kr 250 000.

Omsetningsutvalet gir tilråding om tilskott til omsett litteratur. Etter tilråding fra utvalet har Norsk kulturråd gitt desse tilskotta:

*H. Aschehoug & Co.:*

Osman Necmi Gürmen:  
Sverdfisken ..... kr 3 000  
Tillie Olsen: Gi meg en gåte .... » 2 500  
Gabriele Wohmann: Paulinchen war allein zu Hause ..... » 2 500

*J. W. Cappelens Forlag:*

Yasar Kemal:  
Mordet på smedenes torg ..... » 12 000  
Arnost Lustig: Dita Saxova .... » 9 000  
Friederich Gorenstein: Iskuplenije » 7 500  
Alexandr Kliment: Nuda v Čechah » 6 500  
John Cheever: Collected Stories .. » 10 000

*Dreyers Forlag:*

Leo Tolstoj: Oppstandelse ..... » 10 000  
Alexander Zinoviev:  
Den lyse framtid ..... » 7 000  
Ukjent forfatter: En pilegrims oppriktige beretninger ..... » 2 000  
Chen Jo-hsi: Borgermester Yin .. » 3 500

*Helge Erichsens Forlag:*

Marcel Proust: I skyggen av blomstrende piker II ..... » 23 000

*Gyldendal Norsk Forlag:*

Fjodor Dostojevskij:  
En forfatters dagbok ..... » 15 000  
Etienne Leroux:  
Syv dager hos Silbersteins ..... » 2 000  
Peter Handke:  
Langsom hjemkomst ..... » 2 000  
Ingeborg Bachmann:  
Det trædte år ..... » 4 000  
Georges Bernanos:  
Monsieur Ouine ..... » 4 000  
José Donoso: Casa de campo .... » 7 000  
Joyce Carol Oates: Noveller .... » 3 500  
Michel Tournier: Tiuren ..... » 3 500  
Peter Nádas: Slutten på en familieroman ..... » 2 000  
Ulrich Plenzdorf:  
Legende om en lykke uten ende .. » 4 000  
Philippe Aries:  
Barndommens historie ..... » 4 500  
E. M. Forster: Howards End .... » 6 000  
Tadeusz Konwicki:  
Den lille apokalypse ..... » 4 500  
Peter Handke: Hjemreise ..... » 2 500  
Dieter Wellershof: Sirenene ..... » 3 000  
Doris Lessing:  
Sirius-eksperimentene ..... » 5 500  
Virginia Woolf: Mrs. Dalloway .. » 4 500  
Wole Soyinka: The Interpreters .. » 7 000

*Oktober Forlag:*

Ursula K. Le Guin:  
The Dispossessed ..... kr 5 500

*Pax Forlag:*

Douglas C. Jones:  
A Creek called Wounded Knee .. » 4 000  
Agnes Smedley: Jordens datter .. » 4 000  
H. de Balzac: En skummel historie » 4 000  
Victor Serge: Mordet på Tuliajev » 6 000  
Lidija Sejfullina: Virineja ..... » 2 000  
Moema Viezzer: La meg snakke .. » 4 000  
Marge Piercy: Vida ..... » 6 000

*Solum Forlag:*

H. de Balzac: Sarrasine ..... » 2 000  
Simone de Beauvoir:  
Une mort très douce ..... » 2 000  
Antologi: Fem fantastiske fortellinger ..... » 2 000  
L. Couperus: Fidessa ..... » 1 500  
Fjodor Dostojevskij:  
Dobbeltgjengeren ..... » 2 000  
Fjodor Dostojevskij: Hvite netter » 2 000  
E. T. A. Hoffmann: Fortellinger » 3 500  
Juan R. Jimenez: Sølvfell og jeg » 1 500  
Rainer M. Rilke: Geschichten .... » 2 000  
Leo Tolstoj: Gutteår ..... » 2 000  
Fjodor Dostojevskij:  
Et svakt hjerte ..... » 1 500  
Fjodor Sologub: Noveller ..... » 2 500  
Branquinho de Fonseca:  
Baronen og andre noveller ..... » 3 000

*Tiden Norsk Forlag:*

M. Bradbury: The History Man .. » 4 000  
Til saman ..... kr 250 000

**6. Norsk litteratur i utlandet**

Rådet sette av kr 50 000 til konkrete tiltak. I tillegg er kr 25 000 til informasjonskatalog om moderne norsk litteratur overført frå disposisjonsavsetjinga. Rådet har også i 1980 løyvt midlar til Kontoret for norsk litteratur i utlandet. Løyvinga til kontoret er gitt av disposisjonsavsetjinga til litteratur.

Utvælet for norsk litteratur i utlandet har gitt tilrådingar om alle saker som gjeld norsk litteratur i utlandet. Avsetjinga er disponert slik:

ANSA, Østerrike:  
Katalog over norsk skjønnlitteratur på tysk ..... kr 7 500  
Agder litteraturlag:  
Litteraturutveksling Norge/  
Storbritannia (Oslo) ..... » 10 000

Centre Culturel Français, Oslo  
Fransk-norsk omsetjarseminar  
i mai ..... kr 8 000  
Guida Editori, Napoli:  
Norsk lyrikkantologi på italiensk » 12 000  
Norsk Forfattersentrums:  
